

Brandasund

(Overført til Bømlo kommune i 1995)

TEMA: Kremmerleier ①105,
«En sand Guldgrube» ①100
KART: ④440



Brandasundet, mellom Gisøya og Selsøya.

På Gisøya, ved den vestre sida av Brandasundet, ligg den gamle privilegerte handels- og gjestgjevarstaden frå 1600-talet, med Nordsjøen som næraste nabo. I 1991 kom det veg over Bømlo ut til desse øyane, men gjennom tusen år har den gode hamna her lege sentralt i den ytre leia langs kysten. I den store sildeperioden på 1700- og 1800-talet var BRANDASUND eit sentrum under sildefisket på Sørøafeltet. I dag bøyrrer denne staden til Bømlo kommune.



Den eldste handelsstaden ligg på Gisøya.

Brandasund har truleg fått namn etter ein av dei første byborgarane som fekk handelsløyve her, JAKOB BRANDT. I 1667 er første gongen vi høyrer om eit «kræmmersæde» i Brandasund. Eit eldre namn på staden er Gisø-sund. Ved gjestgjevarstaden var det også ein skyss-stasjon. «Skaffaren» budde i nærleiken og hadde som leveveg å føra folk frå det eine kremmarleiet til det neste.

Fiskehandelen her ute ved dette rike fiskefeltet går truleg langt tilbake i tid (jfr. Torgjo), men då det vart handelsstad med kongeleg privilegiebrev her, overtok kremmaren denne handelen. I 1723 heiter det: «Paa denne Pladtz eller Øe er et Kræmersæde bevilget, som og er fornøden for Almuen der at sælge deris Fiske». Kremmaren dreiv salteri og bøkkarverksemd i tillegg til fiskemottak. Enno er det eit tett bygningsmiljø her: Hovudbygning frå tidleg på 1800-talet. «Mosesloftet» frå 1700-talet, drengestove, bakeri, bakarbustad, losjihus, stabbur, skykkje, smie, butikk, fiskefabrikk, naust og litt lenger mot nord: to store sjøhus, kornbu og saltebu. □



«Nillo på Skjeret» – på den yngre landhandelen tvers over sundet – var i mange år ein institusjon i lokalsamfunnet.

TORGJO PÅ SELSØYA

Ein av dei store marknadsplassane i Hordaland i mellomalderen har truleg lege på SELSØYA ved Brandasundet. Stadnamnet TORGJO fortel om ein stad der varer vart selde. Her var mykje folk samla. Den sentrale geografiske posisjonen i hovudleia langs kysten, i nærleiken av rike fiskefelt, styrker denne teorien. Bøndene frå fjellbygdene og dei indre fjordbygdene selde tømmer, huder og skinn, haukar og falkar i byte for fisk, salt og varer frå andre land. Men alt lenge før mellomalder og vikingtid er det funn som tyder på samhandel mellom folka på begge sider av Nordsjøen.

I mellomalderen bygde kongen og kyrkja sælehus – overnattingsstader – for samferdsla langs kysten. Tre skipsleier fører gjennom øyriket i Fitjar: den ytre leia, Nyeleia og Engesundleia. Selsøya kan ha fått namn etter eit slikt sælehus, eller etter seli «stad der det veks selje». Nabo-garden KVARVEN, kjem av gno. Hvarf «sving, hjørne» i terrenget.

Systemet med overnattingsstader vart gradvis avvikla med trusskiftet på 1500-talet. Kyrkja heldt ikkje lenger oppe den gamle ordninga med sælehus. Kongemakta bygde opp eit nytt mønster på 1600-talet. Gjestgjevarane var no byborgarar som fekk konsesjon (privilegiebrev) og skulle leva av verksemda si.

Slätterøy fyr, teikna i 1858 av fyrdirektør Carl Frederik Diriks («Fyr Diriks»). Dette var det andre stoppejernstårnet i Hordaland, bygd i 1859 (③309, ④437).

